



Anders Johan Austrheim
Austrheim
5943 Austrheim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9595 - 22/18793

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
07.03.2022

Førebels svar - Tilskot til landbruksføremål i Austrheim kommune for 2021 - Forbetring av dyrkingstilhøve i eit endra klima - GBNR 156/13

Austrheim kommune viser til søknad om tilskot til landbruksføremål av 14.11.2021. Du søker om totalt 87 000 kroner i tilskot til forbetring av dyrkingstilhøve i eit endra klima. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 261 000 kroner. Det er søkt om tilskot til å jevne ut eit kupert område på overflatedyrka jord på GBNR 140/2 Leikvoll. Tiltaket vil kunne føre til meir effektiv innhausting og mindre fare for skade på slåtteutstyr.

Formannskapet har i vedtak av 03.02.2022 løyvd midler til landbruksformål i Austrheim kommune for 2021, etter innstilling frå felles landbrukskontor for Alver, Austrheim, Fedje og Modalen. Orientering om vedtak vert sendt ut av felles landbrukskontor/ Alver kommune, på vegne av Austrheim kommune.

Totalt har Austrheim kommune mottatt 11 søknadar på tilskot til landbruksføremål for 2021, og det vart totalt søkt om kr 3 082 472 i tilskot. Løyvinga frå Austrheim kommune som skulle fordelast var på kr. 300 000. Begrensa midler tilseier ei streng prioritering av tiltak. Formannskapet har i vedtak av 03.02.2022 gjort løyving på totalt kr. 232 880 kr. Til rest står det då kr. 67.120.

Det omsøkte tiltaket blei ikkje vurdert som høgt prioritert i denne omgangen, grunna høg kostnad i forhold til lite areal. Landbruksavdelinga ønsker likevel å synfare arealet i vekstsesongen før endeleg vedtak vert fatta i saka. Landbruksavdelinga vil ta kontakt for å avtale synfaring. Forventa sakshandsamingstid er innan 01.07.2022.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anders Johan Austrheim
Austrheim kommune

Austrheim
Sætremarka 2

5943 Austrheim
5943 AUSTRHEIM

Mottakarar:

Anders Johan Austrheim

Austrheim

5943 Austrheim